



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for arkeologi,
historie, kultur- og
religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet og Universitetsmuseet. Universitetet er lokalisert midt i hjartet av Bergen. Det viktigaste bidraget universitetet gjev til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Universitetslektor i religionsvitenskap - vikariat

Ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR), Universitetet i Bergen er det i tida 01.08.15-30.06.16 ledig eit vikariat som universitetslektor i religionsvitenskap.

Religionsvitenskap er det historiske og systematiske studiet av religion som eit kulturelt fenomen. Perspektivet er krysskulturelt, og ei komparativ tilnærming er innebygd i studiet som omfattar religionshistorie og religionssystematikk. Det blir forska og undervist i ei lang rekke religionar, og faget gir undervisning og rettleiing i religionsvitenskap på bachelor-, master-, og doktorgradnivå. Det er 10 faste vitenskaplege stillingar i religionsvitenskap ved instituttet.

Kvalifikasjonskrav

Søklarar må ha kompetanse i religionsvitenskap/religionshistorie tilsvarande norsk mastergrad. Søklarar må kunne dokumentere vitenskapleg publisering og undervisningserfaring. Ved vurderinga vil det verte lagt vekt på kompetanse innanfor systematisk religionsvitenskap og religionsvitenskaplege teori og metode.

I stillinga ligg det 75 % undervisning og undervisningsrelatert arbeid, og 25 % faglig oppdatering og administrasjon. Den som vert tilsett må kunne ta del i undervisning, rettleiing og eksamensarbeid innanfor fagets emneportefølje og kunne delta i administrative oppgåver.

Undervisnings- og administrasjonsspråket er til vanleg norsk.

Aktuelle kandidatar kan bli kalla inn til intervju og prøveforelesing.

Tilsetjing i vikariatet krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og deltek i instituttet sin drift.

Løn

Løn etter lønssteg 47-59 (kode 1009/LR 25) etter tenesteansiennitet. For særskilt kvalifiserte søklarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. Frå løna går pensjonsinnskott med 2% til Statens Pensjonskasse.

Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om vikariatet kan ein få gjennom å ta kontakt med instituttleiari, professor Jan Heiret, per e-post jan.heiret@ahkr.uib.no eller tlf. 55589762, eller fagkoordinator for religionsvitenskap professor Dag Øistein Endsjø, per e-post dag.endsjo@ahkr.uib.no eller tlf. 55582355/99043311.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvalifisering i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn og nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Slik søker du på stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN».

Dette må følgje den elektroniske søknaden:

1. Søknadsbrev
2. CV
3. Skanna versjon av originale eller attesterte kopiar av alle vitnemål frå universitet/høgskular
4. Informasjon om og dokumentasjon av pedagogisk innsats og kvalifikasjonar
5. Informasjon om og dokumentasjon av administrativ røynsle og anna tidlegare verksemd
6. Publikasjonsliste
7. Namn og kontaktinformasjon på tre referansepersonar

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

Spørsmål til den elektroniske søkeprosessen kan ein rette til post@hf.uib.no.

Søknadsfrist: 16.2.2015

Merk søknaden med 15/981

Jobbnorge-ID: 109506, Søknadsfrist: Avsluttet